



## Notat

Dato: 07.04.2016  
Arkivsak: 2014/19309-24  
Saksbehandlar: ashsand

---

<b>Til:</b>	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Kunngjorte konkurranser om drift av fylkesvegferjesamband

I samband med sak 5/2016 vedtok Fylkesutvalet den 29. januar 2016 blant anna at

*«2. Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp, legg fylkesutvalet 2-gradarsmålet som ambisjonsnivå (alternativ 2) til grunn for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane, såframt ein får statleg tilskot.*

*Ei eventuell justering av krava til miljø- og energieffektivitet, og/eller det viser seg at ein ikkje får tilstrekkeleg statleg tilskot, vert saka lagt fram for politisk handsaming på ny.»*

Med tilsegn om støtte frå Enova opptil kr 133 million for rutepakke 1 og 4, kunngjorde Skyss den 10. februar ei konkurranse om drift av desse rutepakkane i tråd med Fylkesutvalets vedtak.

Den 9. mars fekk Skyss innvilga sin søknad om støtte frå Enova knytt til dei resterande rutepakkane. Dette betyr at fylkeskommunen vil kunne motta opptil 140 millionar for investeringar i ladeinfrastruktur på land for dei øvrige ferjesambanda. Sameleis som for rutepakke 1 og 4, utgjer denne støttesummen det maksimale av kva Enova har mogelegheit til å gje.

Som følge av innspel frå marknaden om at rutepakke 2 vart veldig stor, vart det i sak 5/2016 orientert om at Fylkesrådmannen ville vurdere å dele opp rutepakke 2. Etter nærare vurderingar vart denne rutepakken delt i to slik at dei resterande sambanda er fordelt på 3 rutepakker:

#### **Rutepakke 2:**

- Skjersholmane - Ranavik
- Jektevik - Nordhuglo - Hodnanes
- Gjermundshamn - Varaldsøy – Årsnes
- Jondal - Tørvikbygd

#### **Rutepakke 3:**

- Klokkekarvik - Lerøy - Bjelkarøy - Hjellestad
- "Fjelbergsambandet"

**Rutepakke 5:**

- Kvanndal - Utne
- Kinsarvik – Utne
- Skånevik - Matre - Utåker

Konkurransen om drift av rutepakke 2, 3 og 5 vart kunngjort den 16. mars. Dei tre rutepakkane har til saman same ambisjonsnivå kva gjeld miljø som rutepakke 1 og 4.